



Vedtatt i føretaksmøte
den xx. måned 2022

Tilleggsdokument til styringsdokument 2022

Helse Bergen HF

1. Innleiing.....	2
2. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.....	2
3. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasientsikkerheit	3
4. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp.....	4
5. Andre oppdrag.....	5
5.1 Bruk av vikarar i ambulansetenesta.....	5
5.2 Digital samtykkeløysing for deltaking i forskingsprosjekt på Helsenorge.....	5
5.3 Pasientreiser – drosjebruk.....	6
5.4 Nasjonal helse- og samhandlingsplan.....	6
5.4.1 Koordineringsordningar	6
5.4.2 Gode tenester der folk bur.....	7
5.4.3 Specialisthelsetenesta si rolle i førebygging.....	7
5.4.4 Kompetanseutveksling.....	8
5.4.5 Erfaringar frå covid-19-pandemien.....	8
6. Rapportering.....	8

1. Innleiing

Helse Vest RHF viser til styringsdokument for 2022 vedteke i føretaksmøte den 23.02.2022. Som følge av Stortingets behandling av Prop. 115 S (2021-2022), jf. Innst. 450 S (2021-2022), sender Helse Vest RHF ut eit tilleggskdokument til styringsdokumentet for 2022.

Helse Vest RHF viser også til brev til helseføretaka dagsett 01.07.2022 med informasjon om revidert oppdragsdokument og førebels protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 23.06.2022.

2. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Dei regionale helseføretaka blir bedne om å prioritere og styrke psykisk helsevern og TSB, jf. styringsdokumentet for 2022 der det er innført mål om å styrke tilbodet for mellom anna barn og unge og personar med alvorlege psykiske lidningar, og krav om at aktiviteten i psykisk helsevern skal vere høgare i 2022 samanlikna med 2021 både innan døgntil behandling og poliklinisk aktivitet.

Oppgåver 2022:

- Det har vore ei auke i tilvisingar og antal i behandling for spiseforstyrningar dei siste åra. Helseføretaka skal prioritere tilbodet til menneske med spiseforstyrningar gjennom å vidareutvikle og styrke tilbodet for barn, unge og unge vaksne. Helseføretaka må sjølv vurdere kva for nokre tilbod og tiltak som må styrkast i eige helseføretak, for å ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse på alle nivå. Ved mistanke om utvikling av alvorlege lidningar, er det viktig med tidleg oppfølging og behandling. Her vil også kommunal helse- og omsorgsteneste ha ei viktig rolle. Helse Vest RHF viser til at barn og unge, og personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, er to av dei fire pasientgruppene som helseføretaka skal prioritere å planlegge og utvikle tenester til i samarbeid med kommunane i helsefelleskapa.
- Statsforvaltar, Helsetilsynet og Ukom har gjennomført tilsyn der personar i psykotisk tilstand eller under dom på overføring til psykisk helsevern har vore involvert. Manglande informasjonsutveksling, valdsrisikovurderingar og samarbeid mellom sektorar aukar risikoen for nye hendingar. Helseføretaka skal vurdere om det er behov for prosedyrar og tiltak for å følge opp funn frå tilsyn etter alvorlege hendingar. Dei regionale helseføretaka er bedne om å lage ein overordna plan for sikkerheitspsykiatri og andre tiltak for dømde til psykisk helsevern i oppdragsdokument for 2022. I Helse Vest har dette arbeidet gått føre seg gjennom dei siste to åra, og vil bli fylgt opp vidare i samarbeid med dei fire lokale helseføretaka og Regional sikkerhetsavdeling (RSA).

Utgreiingsoppdrag:

- Det blir vist til rapport av 1. juli 2021 med forslag til ny framskrivingsmodell for psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Det skal leggast

fram ein opptrappingsplan for psykisk helse og ein førebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet, det vil seie at behov og tiltak skal vurderast. Dei regionale helseføretaka skal på bakgrunn av ein fornya heilskapleg analyse og framskriving av behov for tenester, personell og kompetanse innan psykisk helsevern og TSB, foreslå konkrete tiltak for å styrke spesialisthelsetenesta sin innsats innan desse to fagområda. Eit viktig element i dette arbeidet er regionale og lokale prosessar for å sikre rekruttering, utdanning og stabilisering av spesialistar. Ein ber i samband med dette om at dei regionale helseføretaka vurderer korleis BUP, i samarbeid med kommunane, kan jobbe for å førebygge, fange opp og gi tidleg hjelp til barn og unge. Det må vurderast korleis fragmentering av ansvar for oppfølging av sårbare barn og unge kan motverkast gjennom tettare samarbeid og deling av kunnskap. Dei regionale helseføretaka blir bedne om å vurdere moglegheiter for å prøve ut nye modellar for samarbeid der BUP kan ta eit større heilskapleg ansvar saman med kommunane.

- Dei regionale helseføretaka skal vurdere status og utfordringsbilette innan TSB-området, under dette status for etablering av basistjenester i alle helseføretak. I tillegg skal helseføretaka drøfte korleis avvikling av Helfo godkjenningssordninga av institusjonar vil ha innverknad på TSB tenestene generelt.
- Det blir vist til at dagens nasjonale kompetansetjenester innan psykisk helsevern og TSB på sikt skal organiserast utanfor det forskriftsregulerte systemet for nasjonale tenester i spesialisthelsetenesta. Helseføretaka skal saman med det regionale helseføretaket vurdere kva område innan psykisk helsevern og TSB ein eventuelt har eit særskilt behov for å bygge opp og spreie kompetanse nasjonalt og korleis dette best kan organiserast.

Arbeidet skal leiast av Helse Sør-Øst RHF og det skal innan 20. oktober 2022 leverast ein rapport med innspel om behov og tiltak frå alle regionar. Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad bidra i dette arbeidet.

3. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasientsikkerheit

Til Helse Bergen HF:

Oppgåver 2022:

- Det blir vist til oppgåve i styringsdokumentet for 2020 om å etablere regionale behandlingstilbod for personar med kjønnsinkongruens. Helse Bergen har fått ansvaret for å etablere slikt tilbod, og skal legge fram status og planar for det vidare arbeidet innan utgangen av september 2022.

4. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Oppgåver 2022:

- Dei regionale helseføretaka skal vurdere om godkjende verksemder i fritt behandlingsval-ordninga i dag leverer tenester som oppfyller eit viktig nasjonalt eller regionalt behov og sjå til at slike tenester også i framtida blir gjort tilgjengelege. Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad bidra i dette arbeidet.
- Stortinget har behandla Meld. St. 28 (2020-2021) om prioritering i helse- og omsorgstjenesten, og slutta seg til felles prinsipp for prioritering i heile helse- og omsorgstjenesta. Helseføretaka skal legge dei reviderte prinsippa for prioritering til grunn. Det blir vist til stortingsbehandling av Dokument 8:233 S (2021-2022) og Innst. 359 S (2021-2022). Dei regionale helseføretaka skal i samarbeid, og under leiing av Helse Vest RHF, gå gjennom praktiseringa av unntaksordninga i system for Nye metoder. Dei regionale helseføretaka skal under dette vurdere om unntaksordninga blir praktisert i tråd med premissane i Prop. 55 L (2018-2019) og undersøke variasjon i praktiseringa av unntak for enkeltpasientar. Arbeidet skal vurdere forslag til forbetringar og eventuelle behov for endringar i ordninga. Gjennomgangen skal også vurdere samanhengen mellom unntaksordninga i Nye metoder og ordninga for tilgang til utprøvande behandling, som for eksempel «compassionate use program», godkjenning-fritak eller kliniske studiar. Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad bidra i dette arbeidet.

Utgreiingsoppdrag:

- Dei regionale helseføretaka skal følge opp evalueringa av Ekspertpanelet gjennom følgande endringar i mandatet:
 - Utvide Ekspertpanelets samansetning med ein nevrolog.
 - Erstatte dagens avgrensing i aktuelle pasientgrupper med å bruke som eit utgangspunkt ein situasjon der alle behandlingalternativ er utprøvd utan tilstrekkeleg effekt, og at det er tale om ein alvorleg tilstand. Avgrensinga i mandatet med omsyn til Nye metoder skal vidareførast.

I tillegg skal dei regionale helseføretaka vurdere alternative tekniske løysingar for tilvising av pasientar til panelet. Med omsyn til tilvisingspraksis gir departementet ei tilslutning til forslaget om at pasientens situasjon og behandlingmoglegheiter først blir gått gjennom i regionen, før saka blir sendt til Ekspertpanelet. Departementet vurderer at dette er ei vidareføring av gjeldande mandat. Endringane inneber at det må settast av meir ressursar til Ekspertpanelet. Departementet vil komme tilbake til dei juridiske problemstillingane som blir reist i evalueringsrapporten i eit rundskriv. Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad bidra i dette arbeidet.

Helsefellesskapa

Det blir vist til overordna føringar i styringsdokumentet for 2022 der det står at kommuneoverlegane skal inviterast inn i helsefellesskapa. Kommuneoverlegane har samfunnsmedisinsk kompetanse som vil vere av stor verdi for helsefellesskapa. Det er likevel opp til dei samarbeidande kommunane om, og i så fall på kva for nokre arenaer, dei vil involvere kommuneoverlegane i helsefellesskapa.

5. Andre oppdrag

5.1 Bruk av vikarar i ambulansetenesta

Endringar i føresegn om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulansetenesta, medisinsk naudmeldeteneste mv. (akuttmedisinføresegna) blei gjeldande 1. mai 2022. Endringane medfører mellom anna at leiinga av verksemda kan gjere unntak frå kravet om autorisasjon eller lisens som helsepersonell for personell som skal dekke ekstravakter og korttidsvikariat.

Hovudregelen også for ambulansetenesta er fast tilsette, og at det skal leggest til rette for lærlingar i ambulansetenesta. Bruk av vikarar skal vere innanfor Arbeidsmiljølova sin § 14-9 (2).

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- rapportere på bruk av vikarar i ambulansetenesta i årleg melding for 2022. Rapporteringa skal vise utviklinga i bruk av vikarar frå tidspunktet akuttmedisinføresegna vart gjeldande og fram til utgangen av 2022. Rapporteringa skal òg omtale helseføretaket si vurdering av bruk av vikarar i ambulansetenesta.

5.2 Digital samtykkeløysing for deltaking i forskingsprosjekt på Helsenorge

Det er behov for ei heilskapleg løysing for digitalt samtykke til å delta i forskingsprosjekt. Ei heilskapleg løysing vil vere vidareutvikling av samtykkeløysing på helsenorge.no i tillegg til ei administrasjonsløysing for forskarar. Direktoratet for e-helse har fått i oppdrag å lage ein gjennomføringsplan for tilrådd løysing, med skildring av ansvarsdeling og økonomiske og administrative konsekvensar. Deltakarar skal kunne både inngå og trekke samtykke ved å nytte tenester på helsenorge.no. Administrasjonsløysinga skal òg handtere ikkje-digitale deltakarar. Det er ønskeleg at dei regionale helseføretaka avklarar behovet på forskarsida.

Dei regionale helseføretaka skal utforme krav til ei administrasjonsløysing for ei digital samtykkeløysing der forskarar kan administrere deltakarar og deira samtykke til

forskningsprosjekt. Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF skal bidra i arbeidet ved behov. Frist for oppdraget er 31. oktober 2022. Arbeidet skal leiast av Helse Sør-Øst RHF.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad bidra i dette arbeidet.

5.3 Pasientreiser – drosjebruk

Med bakgrunn i oppfølging av rapporten «Pasienttransport og transporttilbud i distriktene» og regjeringa sitt arbeid med å gjennomgå drosjenæringa sine arbeidsforhold og rolle i transporttilbodet vil det vere viktig å sjå på korleis pasientreiser og fylkeskommunane sin bruk av drosjer kan utviklast og bidra i eit godt transporttilbod.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å:

- innan 1. november 2022 sende over ein rapport som 1) gir ei oppsummering av erfaringane med samarbeid med fylkeskommunane om transporttilbod og 2) skisserer område for utvikling av samarbeidet med fylkeskommunane med forslag til tiltak, der ein også tek omsyn til forslag til endringar i drosjereguleringa som regjeringa vil sette i verk frå oktober 2022.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad bidra i dette arbeidet.

5.4 Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Regjeringa skal legge fram ei stortingsmelding om Nasjonal helse- og samhandlingsplan som skal avløyse Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020–2023. Saman med Helseberedskapsmeldinga og Folkehelsemeldinga vil denne meldinga sette dei overordna rammene for regjeringa sin helse- og omsorgspolitik. Meldinga vil dekke både kommunal helse- og omsorgsteneste og spesialisthelsetenesta, og skal sette retninga for vår felles helse- og omsorgsteneste.

Det vil vere behov for dialog mellom departementet og dei regionale helseføretaka i arbeidet med meldinga. Dei regionale helseføretaka vil få høve til å komme med skriftlege innspel til meldingsarbeidet. Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad komme med innspel og bidra i dette arbeidet.

5.4.1 Koordineringsordningar

Det er over tid innført fleire lovpålagde plikter og rettar (koordinator, koordinerande eining, kontaktlege og individuell plan), og andre ordningar som forløpskoordinator. Ordningane skal

bidra til betre koordinering/meir samanhengande pasientforløp både internt i spesialisthelsetenesta og med kommunal helse- og omsorgsteneste.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å:

- hauste erfaringar frå spesialisthelsetenesta med dei lovpålagde ordningane for koordinering og med forløpskoordinator, og i tillegg komme med innspel til forbetringar slik at ein kan oppnå intensjonane med ordningane. Frist for oppdraget er 15. november 2022.

Helse Vest RHF viser til regionalt prosjekt om koordinator i spesialisthelsetenesta som er under oppstart (jf. brev datert 24.05.22).

- Helseføretaka blir i tillegg bedne om korte, punktwise innspel **innan 25. oktober** om:
 - erfaringar med koordineringsordningane (t.d. koordinator, koordinerande eining, kontaktlege, individuell plan) og forløpskoordinator.
 - forslag til forbetringar for å oppnå intensjonen med ordningane.

5.4.2 Gode tenester der folk bur

Distriks- og lokalmedisinske senter, sjukestover og andre formar for samlokalisering av spesialisthelsetenester og kommunale helse- og omsorgstenester er éin måte å oppnå målsettinga om gode tenester der folk bur. Potensialet for samlokalisering må sjåast i samheng med sjukehusstrukturen og oppdrag frå føretaksmøtet januar 2022 om betre bruk av avtalespesialistar, i tillegg til vurderinga av kva for elektiv aktivitet som heilt eller delvis kan flyttast til lokalsjukehus.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å:

- gi ei oppsummering av korleis det blir lagt til rette for desentralisering av spesialisthelsetenester. Dei regionale helseføretaka er bedne om å svare på dette oppdraget samstundes med oppdraga gitt i januar 2022 om avtalespesialistar og elektiv aktivitet slik at dette kan sjåast i samheng. Frist for oppdraget er 15. desember 2022. Dette inneber at fristen for oppdraget om flytting av elektiv aktivitet blir framskunda.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad bidra i dette arbeidet.

5.4.3 Spesialisthelsetenesta si rolle i førebygging

Tidleg innsats og førebygging er avgjerande for ei berekraftig helse- og omsorgsteneste.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å:

- gjere ei vurdering av korleis spesialisthelsetenesta kan bidra til at førebygging blir ein integrert del av det samla helse- og omsorgstilbodet, og kva for hinder og moglegheiter ein ser for å oppnå dette. Relevante forslag som kan vere eigna for innføring fleire stader skal takast med. Frist for oppdraget er 20. oktober 2022.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om innspel på dette **innan 1. oktober**.

5.4.4 Kompetanseutveksling

Utviklinga i demografi og sjukdomsbyrde i befolkninga er ei utfordring for den samla helse- og omsorgstenesta. Fleire pasientar har samansette og langvarige tilstandar. Somme pasientgrupper bør unngå lange reiser og helst få naudsynt behandling i heimen.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å:

- gjere ei vurdering av korleis rettleiing og kompetanseutveksling mellom spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta kan bidra til god kvalitet og tenleg oppgåvedeling. Vurderinga skal supplere pkt. 5.4.2 *Gode tenester der folk bur*.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å på førespurnad bidra i dette arbeidet.

5.4.5 Erfaringar frå covid-19-pandemien

Handteringa av covid-19-pandemien har stilt høgare krav til samarbeid mellom kommunar og helseføretak for å kunne ta hand om dei behova folk har for helse- og omsorgstenester. Kapasiteten i både kommunar og helseføretak har vore utfordra, og det varierte i kva grad ein hadde planlagt for nok fleksibilitet. Dei regionale helseføretaka er bedne om å oppsummere erfaringar.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- gi ei oppsummering av korleis samarbeidet mellom kommunar og helseføretak har vore påverka av pandemihandteringa, inkludert dei viktigaste læringspunkta.
- gi ei oppsummering av erfaringar og læringspunkt knytt til behovet for fleksibel kapasitet i møte med slike hendingar, både innanfor spesialisthelsetenesta og mellom kommunar og spesialisthelsetenesta.

Frist for helseføretaka til å svare ut dette er **15. november 2022**. Helse Vest RHF sin frist for oppdraget er 15. desember 2022.

6. Rapportering

Helse Vest RHF ber om rapportering på alle tilleggsoppdraga i årleg melding for 2022, om ikkje annan svarfrist er oppgitt.